



Jan Tore er svært godt fornøgd med medaljehausten i Oslo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Jan Tore Johnsen (39) har symja seg til ein ny medaljehaust. Under landsstemnet for funksjonshemma på Lambertseter i Oslo vann han to gull, sølv i 50 meter rygg og bronsemedaljar i 50 meter fri og bryst. Gullet fekk han i stafettane.

- Eg er veldig fornøgd, eg sette til og med pers, seier Jan Tore, som bur på Korsnes og har jobba på AFA i 13 år.

Han er for veteran å rekna i symjebassenget. Han var berre sju-åtte år gamal då han begynte å boltra seg i bassenget heime på Husnes. Då symja han for Trio og starta med bryst og fri. I dei seinare år har han også vore ryggsymjar. Sidan han starta er det berre i eitpar år han ikkje har symja.

To desiderte høgdepunkt i karriera som idrettsutøvar hadde Jan Tore i 1999 og 2000. Det første året var han med i Special Olympics World Games i North Carolina, USA og sikra seg to gull, fire sølv og ein bronse. Året etter var han å finna i den tilsvarande meisterskapen for Europa i Groningen i Nederland og då vart det to gull og ein sølv.

- No har eg rundt 120 medaljar i samlinga mi, fortel symjemeistaren.

Han deltek for klubben Stegaberg i Tysvær fordi den har eit så godt tilbod. Men han slit litt med ryggen og det er ikkje sikkert at han vil vera aktiv meir enn eitpar år til.

Av Ola Matti Mathisen